

Preike på samefolkets dag 6. februar 2018

Oslo domkirke, preiketekst: Matt, 22, 34-40

³⁴ Då farisearane fekk høyra at Jesus hadde fått saddukearane til å teia, kom dei saman. ³⁵ Og ein av dei, ein lovkunnig, ville setja han på prøve og spurde: ³⁶ «Meister, kva bod er det største i lova?» ³⁷ Han svara: «*Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av alt ditt vit.*» ³⁸ Dette er det største og første bodet. ³⁹ Men det andre er like stort: «*Du skal elska nesten din som deg sjølv.*» ⁴⁰ På desse to boda kviler heile lova og profetane.»

Kjære kyrkjelyd, det er ei stor glede og ære for meg som Oslo biskop å feire samanes nasjonaldag her i domkyrkja saman med dykk. Oslo, Asker og Bærum: Oslo er i sanning eit mangfaldig bispedømme. Med folk med ulikt opphav og ulik kultur.

Eg håpar at folk her skal være stolte av kyrkja si. Og at kyrkja kan seie frå når menneskeverdet blir tråkka på. For kyrkja er kalla til å vere der: I sorg, i glede, ein stad å kome med lengt, for å be og feire gudsteneste saman. På morsspråket sitt eller på hjartespåket som vi også kan kalle det.

De bysamar, eg gleder meg til å bli meir kjent med dykk. Eg håpar at du kan kjenne at kyrkja også er di kyrkje og at ho snakkar sant. Den 15. desember, to dagar før eg vart vigsla til biskop, starta arbeidet med Sanningskommisjonen som Stortinget har nedsatt. Både Sametinget, og det kvenske samfunnet var invitert til dette møtet. Fornorskinga av samar og kvenar skal granskast. Mellom anna for å sjå kva dette betyr for oss, no i 2018.

Kva betyr det å vere same eller kven i Norge? Betyr det at eg må legge av meg noko? Ja, slik har det vore.

Det veit mange av dykk alt for mykje om.

Du må velje, enten det eine eller andre. Vi har bak oss ei lang periode med målmedviten fornorsking frå storsamfunnets side. Vi høyrer stadig historier om menneske som ikkje har fått vite at dei er samiske eller kvenske. Filmen *Sameblod* om ei som måtte velje mellom å kome fram i storsamfunnet eller sin samiske identitet har gjort eit sterkt inntrykk på mange. Folk kan stadig kjenne seg igjen i denne historia frå vår nære fortid.

I sanningskommisjonen er det viktig at folk kan få høve til å komme med historiene om konsekvensane av fornorskingspolitikken. Kva rolle har skulen og kyrkja hatt i denne fornorskingsprosessen? Korleis har det verka?

I teiknehistorieboka *60 damer du skulle ha møtt*, lyser Elsa Laula Renberg, mot meg. Elsa Laula levde frå 1877 til 1931. Tenk at ho berre blei 53 år!

Denne dagen, 6. februar for 101 år sidan samla Elsa Laula svenske og norske samar til felles kamp for sine rettar. Ho hold sjølv opningstalen i Trondheim.

I 1904 gav ho ut boka *Inför lif eller död*. På dei tretti sidene drøftar ho svenskanes oppfatning om samane, og mytane som eksisterte om alkohol og tiggning: Alkoholproblem, fattigdom, stemmerett, skuleforhold og retten til land og vatn. Elsa møtte mykje motstand, både for storsamfunnet og sine egne. Nokre meinte at ho var ustabil og ekstremistisk. Retten til undervisning i samisk i skolen var ei av Laulas kampsaker.

Jesus seier altså: Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av alt ditt vit.

Kva var det vi skulle elske Gud med? Hjerte, kraft, sjel, forstand.

Eg visste nesten ikkje at vi hadde så mykje innabords før eg høyrer det no, på norsk og samisk etter at evangelistane streva med å finne gode greske ord på det Jesus snakka om, det mangfaldige mennesket.

Ja, du har hjarte. Ja, du har sjel. Det har vi høyrte no, på våre egne mål.

Teologen og politikaren Berge Furre skreiv eingong at kampen for nynorsk i kyrkjene også var ein kamp for å kunne be og tru på hjartespråket. Det er akkurat det same med kampen for at dei samiske språka også skulle vere kyrkjespråk. Bøn og tru er hjartetale. Derfor må også kvardagsspråket, hjartespråket, lyde i kyrkjene når vi tilbed Gud.

Hjertespråket. Kva er det? Det er det ingen kan ta frå oss. Det ikkje tilfeldig at så mange av våre kjæraste salmar handlar om hjarte. Det dei ikkje kunne ta frå oss.

«Skriv deg Jesus på mitt hjerte» eller «Calle Jesu iezat gova» slik eg song det med mor mi då ho låg på det siste.

Eller: «Mitt hjerte alltid vanker» som i salmebokas nummer 38 også finst på lulesamisk og kvensk.

Du skal elske Gud av heile ditt hjarte og sjel og forstand. Å kunne vende seg til Gud og be på hjartespråket, det må også vere noko av det dette bodet handlar om?

Gud som vi vender oss til i all vår forskjelligheit, er *ein*. Det er eit viktig poeng i den jødiske trusvedkjenninga som Jesus siterer, «høyr – Gud er ein». Det er bakgrunnen for at du skal elske Gud av heile ditt hjarte og sjel og forstand.

Gud har skapt alt liv om finst og alt som omgir oss: Fjella, sjøen, vidda, elvene. Det er til den eine og same Gud alle vi vender oss, for å be og tilbe, frå kvar vår stad, på kvart vårt hjertespråk og som oss sjølve. Som den du vart skapt til å vere.

Gud er skapar. Når Jesus seier at ”På desse to boda kviler heile lova og profetane”, betyr det også at alt vi gjer også må vere gjennomsyra av at Guds skaparverk må vi ta

vare på. Å kunne overlata skaparverket i all sin herlegdom til dei som kjem etter oss, å forvalte naturens (og kulturens) gåver rett, er ein del av trua på den eine Gud som har skapt oss, alle og alt.

Den eine Gud, som vi blir kjent med gjennom Jesus, gjer ikkje forskjell på folk.

Bodet om å elske Gud var noko alle kjente til, dei kjente også til det andre, det Jesus sa var like stort, å elske din neste som deg sjølv. Det grunnleggjande her er at boda heng saman. Det er det vi skal understreke i dag. Med dobbel strek under.

Boda heng saman og er derfor eit bod. Ein kan derfor knapt oppfylle det andre og bryte med det første. Det er umogleg å snakke om Gud som har skapt alt og ikkje rekne sitt medmenneske for eit ekte menneske som har krav på respekt og rett til sin eigen kultur og eige språk. For å ta eit tilfeldig eksempel.

Du skal elske din neste som deg sjølv.

Høyrer du det? Ja. Og eg blir audmjuk. Og kanskje også spørjande: «elske meg sjølv». Betyr det at eg er elskverdig?

Ja. Dette er det den samiske nasjonaldagen. Gud har skapt alt, også menneska og Gud gjer ikkje forskjell på folk. Dette feirar i vi dag. Å elske nesten som seg sjølv, betyr ikkje å utslette seg sjølv, men å vere der, slik at vi kan vere der og støtte og vere solidarisk med heile oss, hjarte, kraft og forstand. Elske vår neste: Det betyr, som Jesus har vist oss, særleg å vere opptatt av dei som er spesielt utsette.

I vår samanheng trur eg det er viktig å ikkje gløyme solidariteten med andre urfolk kloden over. Også dei skapte i Guds bilde og med ein lang kamp mot overmakta føre seg.

I dag takkar vi for Elsa, søster og forkjempar.

Det er viktig å feire, markere, og halde nasjonaldag. Barnehagen inviterer til i dag og om litt et dei *bidus* oppe på Tøyen.

Vi takkar for barna og for barnehagen. Vi ber om at barna skal få vekse opp som stolte samar og lære å bruke språket. Hjartespråket. Og å elske sin neste som sjølv.

Vi takkar for oss som er her. Du er velkommen til nattverd om litt. Det er og eit feiringsfellesskap, der vi blir bekrefta, stadfesta, velsigna som ein del eit nådens fellesskap. Gud har skapt oss i vår forskjelligheit til å vere nettopp det, eit fellesskap på tvers av det som skil.

Ære være Faderen og Sonen og Den Heilage Ande som var, er og blir ein sann Gud frå æve og til æve. Amen.

